


Kystsoge vekene 2001

Stiftinga Kystsogevekene



Trekanternabandet



Foto: Anders Sævland

*Frå Håkonarspelet
Tora Mostrustang og Kongen*

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

SpareBank 1 Vest

Kystsogevekene 2001

Stiftinga Kystsogevekene byrja som eit prøveprosjekt og har no status som eit fast innslag i det mangfaldige og vidsemnande kulturtilbodet i Hordaland.

Kystsogevekene er eit godt døme på at samarbeid fungerer i praksis, og at kultur ikkje kjenner grenser og slett ikkje kommunegrenser.

Kyst-Hordaland er meir enn halve fylket, og i gamle dagar måtte landskapet i dei ytre delane av landsdelen liggja meir eller mindre i skuggen av den indre delen, som tyktest å liggja i solglansen frå den evige snøen og den djupe fjorden.

Kystsogevekene var eit særskilt grep for å skapa den jamvæta som skulle til for å få heile Hordaland fram i lyset.

«Kystsogevekene» er eit viktig og kjærkome arrangement som Hordaland fylkeskommune gjerne støttar.

Og det er ei glede for meg å ynska arrangørane, aktørane og publikum til lukke med dei komande vekene.



Gisle Handeland
Fylkesordførar



Hordaland og Bergen Reiselivsråd

Eg er imponert over det solide og vidsemnande arbeidet som vert lagt ned i Kystsogevekene kvart år, og det står stor respekt av den ueigen-nyttige dugnadsinnsatsen som dei mange medhjelparane yter for å få alle arrangementa på plass.

Pågangsmot, kreativitet og uthaldenhet må vere til stades i rikeleg mon når det år etter år er mogeleg å kunne presentere eit slikt mangfald av tilbod.

Omgrepet «kulturisme» indikerer og signaliserer at mellom kultur og reiseliv eksisterer det felles interesser.

Det er rett og slett slik at kultur skapar reiseaktivitet. Eller sagt på ein annan måte: Kultur er ein viktig føresetnad for verdiskaping i reiselivsnæringa.

Det er eit faktum at eit aukande tal turistar spør etter «kystoppleveling». I reiselivssamanheng er kysten meir i fokus enn nokon gong. Naturen langs vår idylliske kyst varierer frå det dramatiske til det idylliske – frå det glattskurte og til frodigare osar.

Det same mangfaldet finn ein att i kulturen, som varierer frå det smålåtne til det storlagne.

Reiselivet treng levande kystkultur. Nye og raskare kommunikasjoner gjer store delar av kysten vår meir tilgjengelige, og Kystsogevekene er på ein glimrande måte med på å føredle og synleggjere dei rike tradisjonane.

Lukke til med årets arrangement.



Helsing
Hordaland og Bergen Reiselivsråd
Bjørn Myhren

På vegne av Stiftinga Kystsogevekene er det ei glede å ønske velkomne til Kystsogevekene 2001. År 2000 var prega av kulturbyåret – KB2000. I år er vi liksom «heime» att, men trenden frå i fjor, med utveksling av kulturtiltak ut over lokale og regionale grenser, ønsker vi å halde fram med. Slik kan vi inspirere kvarandre og utvikle vidare samarbeid.

Stiftinga Kystsogevekene har Hordaland fylkeskommune, Hordaland og Bergen Reiselivsråd og 17 kommunar som medlemer. Bak desse står dei mange medarbeidarar og entusiastar som kvar på sin stad er aktørar i det mangfald av kulturinnslag Kystsogevekene representerer. Vi takkar dei alle!

Til publikum vil vi seie: Ta deg litt tid til å sjå i dette programmet.

Vi trur og håper at dei vil gi inspirasjon til å oppleve litt meir av det byen, bygda og kystkulturen kan vise fram. Det er viktig å bli kjent med oss sjølv på denne måten, med vår eigen identitet. Ikkje minst for den oppveksande slekta. Så ta dei og med!

Vel møtt under Kystsogevekene.



Trygve Fitje
styreleiar



Kjære publikum og alle medarbeidarar

Endeleg – og enno ein gong – kan vi stolte og glade helse publikum vel møtt til nye Kystsogeveker.

Alt vi har øvd, tenkt og planlagt kan no presenterast som eit absolutt heile.

Våre trufaste vener langs vestlandskysten vil møte og høre kjende ting, men også noko som er nytt av året. Og slik skal det vere. Kultur er ein levande realitet som både formar og vert forma av si eiga tid.

Eg kjenner så vel korleis kvar enkelt aktør – alle på sin stad – er med på å skape det som i sum er Kystsogevekene.

Samarbeidet formar meisterverket – ein bauta av rustfritt materiale over ei kulturform som har sett sitt adelsmerke på oss alle.

Mi sanne takk til mange hundre fine medarbeidarar, og samstundes ei helsing frå oss alle til publikum.

Glade andlet er også vår takk.



Hjartegleg helsing



Ragnhild Randal
dagleg leiar

Austevoll

SUNNHORDLAND



Langt ute i vest, der landet møter sjølve storhavet, ligg Austevoll, eit lokalsamfunn basert på fiske og fiskeoppdrett med til saman 667 store og små øyar. Her er det 4300 innbyggjarar fordelt på 10 øyar. Austevoll er i dag ein av dei leiande fiskeri-kommunane i landet. Mellom Selbjørn og Stolmen strekkjer verdas lengste fritt-fram-bru seg (hovudspenn 301m).



Bakkasund.

Foto: Helge Andre Njåstad.

Bakkasund

Bakkasund på Storekalsøy lengst nordvest i Austevoll har lange tradisjonar for handel, fiske, losing og småbruk. Her er eit rikt miljø med kystmuseum og landhandel med småbåthamn. På Storekalsøy er kolera-kyrkjegard, loshytte, kapell og naturleg amfi på Skansen ut mot storhavet. Loshytta vert opna etter avtale. Frå denne kan du m.a. sjå Marsteinen fyr. Delar av Nordsjøløypa går over Storekalsøy, informasjon om løypedelen er utarbeidd.

Kvalvåg

Kvalvåg på øya Stolmen, lengst sørvest i Austevoll, er ein gammal og tradisjonsrik handelsstad. Her finst ein stor bygningsmasse med m.a. trelastlager frå 1890-åra på nære 2.000 m², brennevinsbu frå 1700-talet, bustadhus frå 1930-åra og naust under restaurering, kaianlegg og ein

stor løabygning frå 1892 og andre uthus. Her ligg ein gammal kyrkjegard og ei kyrkje, Møkster kyrkje frå 1892. På Stolmen finn ein restar etter steinalderbuplassar og krigsminnesmerke, store naustmiljø, vakre murar, kulturlandskap m.m.



Kvalvåg.

Foto: Leo Thomassen.

Bekkjarvik

Bekkjarvik er i år arena for den tradisjonelle «Torgkvelden», med jubileumsrevy og mini-vikingfestival. Bekkjarvik på Selbjørn har lange tradisjonar som hamn, handels- og gjestgjevarstad. I fyrste helvita av hundreåret var Bekkjarvik ein viktig industristad med stor tønnefabrikk og sildesalteri. Staden er i dag ein viktig base for fiskeri. Her finn vi den gamle nothengja, eit monumentalt byggverk i europeisk målestokk, bygd for tørking av bomullsnott. I dag er Hengjø friluftsarena for konsert og teater; fast arena i Kystsogevekene med plass til vel 300 menneske. Her er gjestgiveri i drift, butikk-senter, bibliotek, skule- og kulturbygg, idrettsbane, kyrkje frå 1898 og mange eldre og moderne bygningar i svært god stand. Staden er i dag eit spennande reisemål.



Frå «Hamp og Havstril». Foto: Helge André Njåstad.



Bekkjarvik torg ligg idyllisk til saman med det tradisjonsrike Bekkjarvik Gjestgiveri. Her er også ei framstående gjestehamn.

Informasjon:

Marianne Eskeland

tlf. 56 18 03 00 - kulturkontoret

Leo Thomassen

tlf. 56 18 28 99/91 68 51 98
Kvalvåg

Unn Kalve

tlf. 56 18 31 90 / 56 18 31 27
Bakkasund

Karl Olav Kalvenes

tlf. 56 18 42 20 / 56 18 43 63 /
95 05 33 73 – Bekkjarvik

PROGRAM:

Laurdag 11. august:

Kvalvåg. Familiedag i Kvalvåg ved Kvalvåg Selsenter.
Bakkasund. Ope hus på Storekalsøy museum med omvising og museumscafè
kl. 11.00 – 14.00

Sundag 12. august:

Kvalvåg. Temadag. Islandsfisket, Gudsteneste **kl. 11.00 – 12.30**
Udstilling og aktivitetar knytta til islandsfisket, marknad
kl. 12.30 – 18.00

Laurdag 18. august:

Minivikingfestival i Bekkjarvik, med aktivitetar på sjø og land.
Med mellom anna vikingskipet

«Hókon Hákonsen», vikingmat og torghandel på kaien.

kl. 9.00 – 15.00.

Øyhopping «Sørturen». Guida tur med «Granvin» mot vest i Austevoll kommune. Omvising, mat, underholdning, sosialt samvær.

kl. 12.30 – 17.00

Det vert livolet på den gamle ferjekaien.

Torgkvelden i Bekkjarvik med Hamp og Havstril i Hengjø og jubileumsrevy. Revygruppa med gjester.

kl. 18.00 og kl. 21.00.

Sundag 19. august:

Bekkjarvik. Friluftsgudsteneste på Skjeret **kl. 11.00.**
Turar til øyane med lokale båtar
kl. 12.00 – 17.00.



Bømlo er Sunnhordland sitt ytterste vern mot eit storhav i vest som gir arbeid og kvile, sorg og glede til 10 800 innbyggjarar på dei mange øyane kommunen er sett saman av. Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, for kultur-interesserte som sökjer opplevelingar tufta på gamle og rike tradisjonar innan fiske, maritim industri og kristne verdiar.

I år er Bømlo arena for den offisielle opninga av Kystsogevekene og Håkonarspelet «Tora Mostrastong og Kongen» får urpremiere i Moster Amfi 11. august.

Spelet er tinga av Sunnhordland Bru & Tunnelsskap som ei markering ved opninga av Trekansambandet.

Espevær

Tenk deg ein stad der du kan vandra rundt mellom frodige hagar, segla gjennom tronge sund, eller ankra opp i ei roleg havn medan havet brusar i vest. Bli med ein tur til Espevær, ei perle ytterst i Bømlafjorden.

Lykling

Ola Olsen Lykling heitte ein liten gut som, medan han gjette

sauer i utmarka, fann det fyrste gullet på Lykling. Tju år seinare fann ein gull i «Storhaugen Grube». Dette utløyste eit «gullrush» utan sidestykke i Noreg.


Sønstabøvågen

"Indenfor det bekjedte, farlige Sund, Bremsund kalder," ligg den gamle

kystsignalstasjon frå napoleonskrigen si tid, den einaste i sitt slag langs bergensleia.

Brandasund

Brandasund er ein gammal handels- og gjestgjevarstad frå 1600-talet. Staden har ei særprega busetjing, sammenklemt mellom fjellknausar i sjøkanten.



Moster Amfi.

Foto: Anders Stavland

handelsstaden Sønstabøvågen; på 1800-talet ei sentral hamn på vestsida av Bømlo, i dag ein stille våg utanfor travle ferdslevegar.

Staden har fleire kulturminne å visa fram, mellom anna ein

Moster Amfi

Kyrkjehistorisk senter i tilknyting til den finaste utescena i Nord-Europa og arena for det arlege Mostraspelet i juni.

Kanalen på Bømlo

Kulleseid- og Røyksund-kanalen vart i si tid bygd for å

gjera tilhøva enklare for fiske-rane. I dag er desse vakre vass-

vegane til stor glede for tusen-vis av båtturistar kvart år.

PROGRAM:

11.august

Moster Amfi. Offisiell opning av Kystsogevekene 2001, kl. 15.00. Urpremiere på Håkonarspelet «Tora Mostrastong og Kongen» sjå side 38.

12.august

Båtkonvoi. Haugesund - Mosterhamn. Avgang **kl. 11.00**. Moster Amfi. Jazz-gudstjeneste, avslutting av Sildajazzen i Haugesund **kl. 12.30**. Moster Amfi. Framføring Håkonarspelet «Tora Mostrastong og Kongen» sjå side 38. **kl. 15.00**.

13. – 16. august

Moster Amfi. Sommerskole.

18.august

Espenvær. Skaldyrbord og underholdning om kvelden. Langevåg - arrangement v/Bømlo Tur og Sogelag med Norsk Tradisjonsfisk, hesteskiss for barn, intimkonsert og molararmuseum.

19.august

Espenværdagen. Baadeholmen: maritime aktiviteter, demonstrasjoner av gamle motorar, fersk hellebakst. Omvising i Baadehuset **kl. 11.30-17.30**. Hummerparken **kl. 11.00-17.00**, med grilling av laks fra **kl. 12.00**. Biekronå kafé serverer tradisjonell kyslmat fra **kl. 11.00 - 18.00**.

22. – 26. august

Bømlo Musical Laug set opp rockemusikalen «Jesus Christ Superstar» i Moster Amfi. 120 aktørar, totalt over 200 personar involverte. Heine Tøiland som Jesus, Sigurd Seie som Judas og Ein Hestenes som Maria. Regi: Birgit Amalie Nilssen i samarbeid med Haugesund Teater. Nattfremsyning.

23.aug. og 6. sept.

Moster Amfi. Senioruniversitetet.

25. august

Sønslæbøvågen. Kulturhistorisk dag i vågen, fra **kl. 15.00**. Vel møtt!

26.august

Lykling. Bli med Sunnhordland Guideteneste på gullgruvevandring. Du vil møta røllarane med sine røllarviser og sjå synlege spor av gruve drifta. Velkommen. **kl. 14.00**.

27. - 28. august

Moster Amfi. Kystkulturdag. Undervisning «Små kåt, store draumar».

14. september

Røyksundkanalen Fjordhotell og Bødeland. Familiefest.

15. – 16. september

Båtkonvoi. Start frå Røyksund-kanalen laurdag **kl. 10.00**. Rule: Røyksund-kanalen, Kulleseid-kanalen, Drage-kanalen, Dørstokken. Ankost Brandasund ca. **kl. 14.00**. Søndag avgang Brandasund **kl. 10.00**. Mosterhamn ca. **kl. 13.00**. Båtrebus. Avslutning i Moster Amfi med stort kulturprogram og utdeling av premiar.

15.september

Brandasund. Torghandel, trekk-spel musikk. Fabrikkløftet er ope fra **kl. 12.00 - 01.00**. Det vert servert tradisjonell kyslmat fram til **kl. 21.00**. Bømlo teateret underheld **kl. 21.00**. Dans. Tovekuts, koking av såpe, kyst-kulturaktiviteter, sal av havets frukter og brukskunst i Naustvika Ulverstad og Steinset **kl. 10.00 - 17.00**. Nærare info, Evelyn Johnsen tlf. 53 42 95 48.

Moster kyrkje-historiske senter

Kvar dag frå 25. juni til 12. august **kl. 12.00 - 17.00**. Kvar sundag frå 29. april til 30. sept. **kl. 13.00 - 17.00**. Tinging av omvising utanom opningsdager, tlf. 53 42 66 20 mellom **kl. 10.00 - 14.00**, evt. telefax 53 42 99 74 eller e-mail: mosteramfi@start.no



Kommunen er ein øy kommune som består av den nord-vestlege delen av øya Stord og mange mindre øyar ut mot Selbjørnsfjorden. Kommunen strekkjer seg over eit samla areal på ca. 150 km² og har ca. 3000 innbyggjarar.

Fitjarøyane består av eit mylder av øyar og skjer med grunne sund og renner imellom. Tradisjonsrike skipsleier går gjennom området, med fleire handelsstader med tradisjon attende til 1648. Fitjarøyane er svært attraktive som båtfartsområde.

Fitjar har også ein fjellheim som er lett tilgjengeleg, og som representerer gode høye til rekreasjon på fritida. Kommunen har eit rikt og variert kultur- og organisasjonsliv, kultur- og idrettsanlegg, nytt kultur- og idrettsbygg, vidaregående skule og godt utbygde helsetenester.

Historie

Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland og høvdingane her, "Fitjung-sonum", er

nemnde i Håvamål, det eldste sogeskriftet i Noreg. I Fitjar har det levd folk heilt sidan den eldre steinalderen.

Fitjungsønene var ei gammal storætt i Fitjar. Harald Hårfagre tok frå dei eigedomane og skipa kongsgard her. Han budde mykje på kongsgarden på Fitjar, det same gjorde også sonen Håkon den Gode.

Håkonarparken

Midt i sentrum ligg Håkonarparken med statuen av Håkon den Gode. Statuen er laga av bilethoggaren Anne Grimdal og avduka av kong Olav i 1961 under 1000-års jubileet for slaget på Fitjar. Soga fortel at Håkon var i veitsla (gjestebod) på kongsgarden då brorsønene hans, Eiriksønene, gjekk til åtak. Slaget på Fitjar er tema for Håkonarspelet, «Kongen med Gullhjelmen», eit historisk spe som hadde urpremiere i Håkonarparken i august 1997.



Foto: Per Egil Larsen.



Foto: Per Egil Larsen.

Smedholmen

Smedholmen er ei lita låglendt øy, kledd med bjørk og lyng. Her ligg eit typisk vestlands-småbruk. Einar Matre og Terje Skorpen driv her Smedholmen kyst og naturlivsskule etter ein grunntanke der personleg kontakt, fellesskap, tradisjonelt handverk og godt sjømannskap er viktigast. Dei har fått Fitjar kommune sin kulturpris for arbeidet med å halda i hevd gamle tradisjonar. Eit opphold på Smedholmen er avslappande, men aktiv ferie. Åtte eldre båtar, segl-skuta "Seladon" og eit gammalt vestnorsk bygningsmiljø utgjer Smedholmen – i tillegg til to personar som har arbeidd med den gamle kystkulturen i over 20 år.

Dei ynskjer å formidla denne kysstradisjonen vidare til komande generasjonar. Einar Matre og Terje Skorpen arrangerer seglturar med S/K «Seladon» og skreddarsyr




Seladon.

gerne turar for bedrifter, lag, skular og andre grupper, mellom anna ferieseglasar. Elles tilbyr dei innsføring i navigasjon, segleteori, meteorologi, lokalhistorie, sjømannskap, seglsyning, tauverk, knop og stikk.

Kontaktinfo:

SMEDHOLMEN,
5419 FITJAR,
Tlf. 53 49 74 32
mob. 945 06 980
Web: www.mamut.com-AktivSeglasSeladonSm eller
<http://home.online.no/-einmat>.



Barna prøver kamgestolen.

PROGRAM:

24. august:

Åmcarutstilling/MC utstilling og bilrace i Fitjar sentrum.
«Hellbillies» konsern i idrettshallen/hotellet.

25. august:

Årspremiere Håkonarspelet «Kongen med Gullhjelmen» i parken, sjå side 39.
Fiskefestival i sentrum.
Kunstutstilling i biblioteket.
Folkefest i idrettshallen.

26. august:

Fromføring Håkonarspelet «Kongen med Gullhjelmen» i parken, sjå side 39.
Gudsteneste i parken.

28. august:

Barneteater i biblioteket.

29. august:

Temakveld i biblioteket.

30. august:

Temakveld i kyrkja.

2. september:


Kulturkveld, avslutningsarr. for Fitjarfestivalen/Kystsogeveka i Øvrebygda.



Stord, byen i Sunnhordland

Stord er einaste byen i Sunnhordland, og senter for regionen. Her er knutepunktet for kommunikasjonane både innan og ut or Sunnhordland. Stord er største nynorskbyen i Noreg, og har trass landbrukstradisjonane sine utvikla seg til å bli Noregs største industrikkommune med 5000 tilsette i offshore-relatert industri. Stord er for eit kompakt Noreg å rekna. Kvar du enn er i kommunen, har du stranda og høgfjellet innan ein halvtimes biltur. På fjellet kan du gå på ski til påske, og i fjorden kan du bada, fiska og rekreera.

skule, ei krambu og ei bu ved sjøen ved kyrkja, med husvære for møllaren.



-Stord – byen i Sunnhordland-

Foto: Tor Resser

Sunnhordland Folkemuseum

Sunnhordland Folkemuseum er distriktmuseum i Hordaland med kontor og samlingsbygg på Leirvik, Stord. Museet har fleire bygdetun. På Leirvik har vi faste utstillingar frå jordbruksmuseet, skogbruksmuseet, sjøbruksmuseet og førhistorisk tid, dessutan viser vi ei tekstilsamling og kunstnaren Torleif Agdestein si skulptursamling. Friluftsmuseet på Leirvik omfattar landbruksbygningar, to røykstover, ei leinstove, ei strandsitjarstove, ein



Rommeretelevatn vitjar «Møllaren»

Foto: Tutta Laukholt.

Sagvåg - Jensaneset

Det har vore sagt at i Sunnhordland har det vore bygd båtar i mest kvar ei vik og på kvart eit nes. Det er vel litt overdrive, men i Sagvåg høver utsegna godt. Her låg byggjeplassane tett i tett; Jensaneset, Breivikjo, Vervatåno, Holmen, Skjeparvik, Eriksøyro og Tjøre-grovneset. Der det var plass til å strekkja ein kjøl, der gjorde dei det. Nokre var i drift berre ein kort periode, andre i eit par mannsaldrar, medan det største, Ottesen Skibsbyggjeri på Jensanes, bygde båtar i nærmere 150 år. Otte Ottesen starta med båtbygging på Jensanes i 1825. Ottesen Skibsbyggjeri bygde båtar til langt inn i 1950-åra, og selskapet eksisterer den dag

i dag. No vert verven leigd ut til Sagvåg Båtservice som reparerer båtar og sel motorar og båtutstyr.

Området er godt bevart, og bygningane står i dag om lag slik dei gjorde på 1920-talet. Svært mykje av verktøyet og maskinane eksisterer framleis. Fleire av dei over 20 bygningane er restaurerte, mellom anna oppgangssaga. Smia er også om lag slik i dag som ho var på 1920-talet.

Sagvågen kystlag har vore heldig og fått leiga eitt av husa, ei samling med robåtar, deriblant ein seksæring rigga med segl, ein kyrkjebåt frå Åkra og ein gavlabåt på 40 fot frå 1938 som skal restaurerast.



I frid «Vervadagen 1999»

PROGRAM:

Torsdag 30. august:

Sunnhordland Folkemuseum.
Tilskiping ute: «Der hav og land møtest, liv og arbeid ved Frugardsberget rundt 1900»
Tilskipinga vil levande gjera dagleglivet ved Frugardsberget, Malle, sagbruk, sjoddyfabrikk og skipsbygging, med korsons (koret) kjem med seglkulturen «Rind», solosong, toradar og dans, sceniske innslag, minikåseri og seigner. Kafe i Mellebua der det også er foto-utstilling. **Kl. 19.00** på Frugardsberget.

Laurdag 1. sept.

Sagvåg. Vervedag på Jensaneset
Kl. 10.00.

Sundag 2. sept.


Fraluftsgudsteneste på Verven
v/ Reidar Ådnanes **kl. 11.00**.

Sunnhordland Folkemuseum

Oppningsstider:
Månd., tysd., torsd. og fredag **kl. 10.00 - 15.30**.
Onsd. og sund **Kl. 16.00 - 19.00**.
Laurdag **Kl. 10.00 - 13.00**.




Ivøya Sveio, lengst sør i rdaland, ligg sentralt ved lingsleia langs kysten. ikavarden (seinare varden) har vore seglingsrke i over 1100 år, og folket veio har hatt havet og sjøen n både mafsat og arbeids-ss.



Tørvkøring med hest frå fjordrets arrangement i Buavåg.

Foto: Edel Lokna.



Liereid før 1920. I framgrunnen renna der ein frakta is som skulle nyttast til sildeising.

Hovda – Buavåg

Det gamle sjøhuset i Buavåg er over 200 år gammalt. Sjøhuset vart brukt til sildesalting, bokerverksemd, butikk og bustad. Sentralt bygg i silde-tida, spesielt i tidsperioden

1840 – 1870 og i gulltida 1870 – 1880. Frå sjøhuset er det merka løype til gullgruvene på Hovda.

Adresse/kontaktperson:

Gullkommunegruppa "Utsyn"
v/Astrid Hovda, 5550 Sveio.
Tlf. 53 74 17 03

esse/kontaktperson:
o kommunen
53 74 01 00

Liereid ("Eie")

På Liereid, eller "Eie" som det har heitt frå gammalt av, har det vore landhandel, bakeri, post og dampskipsekspedisjon.

Landhandelen vart starta i 1895 av Ole Andreas Berntsen Lier. Han dreiv og som bokker, og bygde bakeri som har stått på staden til ganske nyleg. I 1902 selde han til Peder Olai Tollefesen Lier. Peder Olai var bakar og heldt fram med drifta av butikken og bakeriet til

1938. Den gamle butikken var i drift med ny eigar fram til 1958. Seinare har det vore butikkdrift i andre lokale fram til starten av 1990-talet. Frå 1903 var det brevhus på "Eie". Seinare vart det postopnert, og fekk då namnet Liereid.

I mange år var det skipsekspedisjon på "Eie". Før kaien vart bygd rundt 1920, rodde "eksedisjonsbåten" ut til Asalholmen utanfor Straumøy, der dampskipet venta.

Adresse/kontaktperson:
Sveio Kystlag v/Martin Haugsgjerd, 5554 Valevåg.
Tlf. 53 74 21 57.

Ryvarden

På Ryvarden sto landet sitt første kjende sjø- og seglingsmerke; Flòvarden, som vart sett opp i år 869. I 1849 vart det første fyret bygt på Ryvarden. I dag er staden mest kjend som kultursenteret Ryvarden



Det gamle sjøhuset i Buavåg

Foto: Ellen Tveit.

kulturfyr med galleri, Flòmekuseum, gjestehus og atelier for kunstnarar. Galleriet har skiftande utstillingar frå april til desember, og er ein utfartstad i distriktet med ca. 30 000 besøkjande årleg.

Adresse/kontaktperson:
Sveio kommune v/Gunn Bente Håvardsholm, 5559 Sveio.
Tlf. 53 74 01 00

PROGRAM:

Sundag 12. august:

Sommarkonsert i Valenheimen
kl. 18.00
Marianne Thorsen, fiolin
Håvard Gimse, piano

Sundag 19. august:

Friluftsgudsteneste på kolerakyrkje-gården i Leirvåg **kl. 12.00**. Ca. 20 min. tur på delvis våt sti, med start frå Nappabrua. Det er mogleg å koma til Leirvåg med båt.

Sundag 26. august:

Sveio kystlag arrangerer «strand-hogg» på Liereid med aktivitetar for heile familien. M.a. båtbygging, sildesalting, fokus på historia rundt isskjering/utskipping, skipsekspedisjonen, fraktefart og bokring. **Frå kl. 13.00.** Før dette skipar Sveio kystlag til tur langs den gamle postvegen til Liereid.

Sundag/måndag 2. og 3. september:

Buavåg: Gullkommunegruppa «Utsyn» arrangerer skule/barne/familiedagar med vandring langs gullstien frå Buavåg til Hovda. Utstilling i det gamle sjøhuset, fokus på bruk av tørv.

2. september kl. 12.00 - 18.00: Familidag. Sal av mat. Sveio kystlag vil skipa til ein tur i samband med arrangementet.
3. september kl. 09.30 - 12.00: Arrangement for skulane.

Ryvarden fyr

Sommarutstilling med keramikk og grafikk frå 1. juli til 26. august med kunstnarane Turid Vikene og Kristian Finborud. Frå 2. september vert det utsiling av tresnitt med m.a. kystkulturmotiv av kunstnar Terje Grønstad.



Årbakka.

Foto: Thorbjørn Kaland.

Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka – blankskura svaberg mot vest, fjell og furuskog over midten og «Hardangerlandskap» med stupbratte fjellsider på austsida. Mellom desse ytterpunktene finst ein stor skjergard og eit flott fjellområde med toppar over 750 meter.

Årbakka

Her ligg Årbakkavollen og Årbakka Handelsstad. På vollen er eit to tusen år gammalt gravområde med bautasteinar og restar etter gravrøyser. Den gamle handelsstaden vart bygd for hundre år sidan. Sjøbua er i dag utstillingslokale for Kunstlaget Njardarlog. Smio har Tysnes Kystlag sine utstillinger, og landhandelen står slik han var i tidlegare tider. Mafis Urtehage har meir enn 200 urter – mest krydderurter, men også nokre medisin- og sargeplanter. Også denne sesongen vil det vera ulike utstillinger i galleriet på Årbakka. Me kan nemne m.a. Karl Erik Harr, Ludvig



Årbakka, urtehagen.

Foto: Thorbjørn Kaland.

Eikaas, Jarl Hugo Låstad, Adam og Jannicke, Gitte Sætre, Døgg Gudmundsdottir og Gerhard Stoltz. I tillegg til dette skal det vera ei «jåttutstilling» i

Tysnes Kystlag sine lokale på Årbakka. Det vil elles vera ulike arrangement og aktivitetar gjennom heile sommaren.

Nedrevåge

Eit heilskapeleg og intakt bygningssmiljø og kulturlandskap som fortel om livet til storbonde på Vestlandet på 1800-talet. Dei fleste bygningane står slik dei gjorde for 150 år sidan.

Nærare opplysningar hos:

*Kulturkontoret, Tysnes
kommune, tlf. 53 43 70 18
eller Årbakka Handelsstad.
tlf. 53 43 51 41.*



Friske jenter med nyskriven musikal: Marianne Tvedt, Silje Nikolaisen, Camilla Siglevik og Connie Hansen.
Foto: Ingelin Røssland.



Revy med Q-galskap i Nedrevåge.

Foto: Anne Magnussen.

PROGRAM:

10. 11. og 12. august:

Tysnesrevyen «Q-galskap», lokale aktørar. Stad: Sollebu i Nedrevåge.

12. august:

Blueskveld m./«From four until late». Stad: Sollebu i Nedrevåge. **Kl. 21.00.**

19. august:

Udstilling, film og foredrag om yachtsglarane i USA. Fokus på tysnesingane sin innsats. Stad: Årbakka Handelssstad.

8. september:

Kulturkveld med ung frekk musical følgd av hardinglete og forteljarkunst. Stad: Sollebu i Nedrevåge. **Kl. 20.00.**

juni-august

Årbakka, Området og husa er opne frå 1. juni - 12. august med skiftande utstillingar og arrangement.



Laksevåg bydel

Laksevåg bydel ligg mot vest, mellom Puddefjorden og Raunefjorden. Bydelen har 35 000 innbyggjarar og er den nest største bydelen i Bergen. Midt i bydelen ligg Lyderhorn med sine godt synlege 395 moh. Lyderhorn har sidan 1000-talet vore viktig når ein skulle varsle om krigsskip på veg til Bergen. Med si karakteristiske form er Lyderhorn også eit tydeleg landemerke for reisande. I følgje gamal overtru var det på Lyderhorn heksene kvilte på ferda mot Blokberg, og det var her dei feira St. Hans-natta. Haakonsvern Orlogsstasjon ligg i Mathopen og er ei av dei største verksemndene i Bergen. Haakonsvern har vore spele-plass for Håkonarspelet «Håkon Adalsteinsfostre» kvart år, med unntak i kulturbyåret 2000. Då var spelet ein del av Håkonarspela 2000, som vart framført på Bergenshus Festning. Den 8. september 2001 er igjen Marinebasen Haakonsvern spelelassen for Håkonarspelet «Håkon Adalsteinsfostre».

Alvøen og Gullaksdalen

Alvøen er ein av dei eldste industristadene i Norge. Staden er best kjend for papir-produksjon, men der har og vore anna



Loddefjord barne teater viser stykket «Nattegalen» under kulturveka 2000 i Laksevåg.
Foto: Laksevåg kulturkontor.

verksemd. I 1620 blei det bygt ei kornmølle, noko seinare kruttmølle, og først i 1797 starta papir-produksjonen. Stiftinga Alvøen Hovedbygning har i dag status som museum og ligg under forvaltning av Vestlandske Kunstmuseum og Kunstmuseums. I 1858 blei det siste kruttverket sett opp i Gullaksdalen. Ulike fundament frå dette står framleis att og vitnar om både busetnad og aktiv produksjon. Ein opparbeidd kultursti og kart med nedteikningar over kulturminne er planlagt ferdig i løpet av sommaren 2001. Brosjyre med kart over kulturminna kan ein få ved å kontakte Laksevåg kulturkontor, tlf. 55 562940.

Håkonshella

Håkonshella ligg mellom Vatlestraumen i sør og

Alvøenpollen i nord. «Hella» tyder «eit lavt berg eller fjell», og namnet Håkon har staden fått etter Håkon den Gode, som vart fødd og døydd på «Hella». Det er reist ein bautastein om vikingkongen på plassen. Håkonshella ligg i hølde omgjevnader om lag 20 km frå Bergen sentrum. Freistar det med ein fisketur eller annan fri-luftaktivitet, er området rundt «Hella» veilegna med si spennande historie og si vakre natur.

Damsgård Hovedgård

Dersom ein reiser sjøvegen inn mot Bergen, om Puddefjorden, kan ein i bakkeskråninga ovanfor Laksevåg kyrkje sjå Damsgård Hovedgård. Med sin

elegante kvitmalte rokkokko sade tronar bygningen i dag, slik han har trona i over 200 år og ønskt bymann og stril velkommen til Bergen og Laksevåg. Damsgård Hovedgård er ein av dei best bevarte rokkobygningane i Nord Europa.

Hovedgården er i dag museum og ligg under forvaltning av Vestlandske Kunstmuseum.


Museumsanlegget inneholder utan bygningar, ein hage som

er freista gjenskapt med sine opprinnelige vekstar frå 1780-åra.

Laksevåg Kulturhistoriske Forening

Laksevåg Kulturhistoriske Forening blei stifta i 1987. Laget driv Laksevåg lokalhistorisk museum som ligg i bunkeret ved Jansonsmarken på Laksevåg.

Museet si samling inneholder mange tusen bilete og gjenstandar som m.a viser gammal industri og arbeidshistorie frå staden. Laget har også tatt vare på fleire gamle verneverdige bygningar og heldt på å etablere uteområdet «Gamle Laksevåg». Foreininga har restaurert veteranferja M.F Dokken, denne er i trafikk på Puddefjorden i sommarhalvåret.



Haakonarspela 2000, Ulvhild (Grethe Mikaelsen) tar imot den unge kongen (Tor Bjørge).
Foto: Laksevåg kultorkontor



Dokkefergen i trafikk på Puddefjorden.
Foto: Laksevåg Kulturhistoriske Forening

PROGRAM:

Laurdag 8. september

Oppening av kulturuka med spelet «Haakon Adalsteinsføstre» på Haakonsvern kl. 15.00
Sjå side 40

Onsdag 12. sept.:

Bedehuskveld i Vassenden,
kl. 19.00-21.00

Laurdag 15. sept.:

Start ungdomsarrangement på Haakonsvern, kl. 12.00-24.00

Sundag 16. sept.:

Markering av kulturmiddagen, Laksevåg lokalhistorisk museum. Tema: Fra stokk til praktbygg.

8. - 16. september:

Omvisning for skuleklasser på Damsgård Hovedgård og Laksevåg lokalhistorisk museum, Alvøen Hovedbygning og kulturmønsterområdet Gullaksdalen.

Andre arrangement:

Konserter, foredrag, utstillingar, «work shops» for ungdom.



Os ligg ved Bjørnefjorden, der kyst- og fjordlandskapet møtest. Os kommune er nærmeste granne til Bergen, og her bur det 14 000 menneske. Osøyo er strandstaden som har vokse til ein moderne bygdeby. Siste tiåret er det satsa mykje på å gjera bygdesenteret vakrare, mellom anna med å få fram att noko av det gamle strandstadpreget.

Handverket frå vikingtida

Båtbyggjarsoga er like gammal som busetnaden langs kysten vår. I ubroten line har handverkskunnskapen gått frå far til son gjennom hundreåra like fram til i dag. Båtar vart bygde i alle bygder, men somme stader utvikla handverket seg særleg langt, og båtbygginga heldt fram lenge etter at handverkskunnskapen hadde døydd bort andre stader.

Ei av desse bygdene er Os. Oselvaren er ein av svært få båttypar der ein framleis har båtbyggjarar som kan heile handverket fullt ut. Båten vart utvikla gjennom tidene i eit nært samspel mellom byggjar og brukar: Fiskaren kom i naustein til båtbyggjaren og



Fra seglregattaen under Kystsogevekene i fjor

Foto: Tor Lunde

fortalte kva båt han trond, bruksområde og farvatn, og båtbyggjaren bygde båten nett slik at han høvde til føremålet. Dette var den beste garantien for at produktet som vart utvikla, vart det beste ein kunne få.

Oselvar- verkstaden

Oselvarverkstaden ligg ved munningen av Oselva, som også har gjeve båttypen namn. Om båtbyggjarane i Os heldt det gåande lengre enn andre stader, hadde det nær på vorte slutt her òg. Osingane tykte det var for ille om den kunnskapen som var utvikla og oppsamla gjennom 1500 år, skulle

skuslast bort i vår generasjon. Oselvarverkstaden vart bygd, og dei siste, aktive båtbyggjara-ne vart tilsette i 1997. No er kring fem årsverk knytte til verkstaden.

Oselvaren i kvardag og helg - laurdag 1. – sundag 2. september

Når Kystsogevekene skal markerast i Os, er det naturleg at oselvaren vil vera det samlande temaet. Fiskebåten og kyrkjebåten, båten du kan segla, og båten du kan ro, eller kanskje berre ha nyttinga av å




Båt under bygging på Oselvarverkstaden.
Foto: Vidar Langeland.

sjå på. Vandring på gamle kyrkevegar er ein av programdela-
ne i denne tilskipinga. Også her
kjem båten i første rekke.
I tusen år har folk her til lands
reist til kyrkje, men berre siste

100 til 150 åra har vegen gått
over land i nemnande grad.
Sjøen var vegen fram til vår
næraste fortid. I år vil
vandringsa verta arrangert på
kyrkjevegen frå Søre Neset, til
lands og til sjøs.

Oselvarverkstaden vert open
for dei som ynskjer å sjå
korleis båtar vert bygde, og
elles vert det aktivitetar på sjø-
en og ved sjøen for store og
små.

Tema for Den norske kultur-
minnedagen 2001 er tradisjonar
i tre. Sidan oselvaren som pro-
dukt og bruksbåt er eit glitran-
de døme på dette, har Os kom-
mune valt gjera tilskipinga i
Kystsogevekene til si marke-
ting av Den norske kulturmin-
nedagen 2001.



Oselvardefilering under Kystsogevekene i fjor.
Foto: Marie Hauge/Os og Fusaposten.

PROGRAM:

Fredag 31. august:

Opning av permanent utstilling på
oselvar verkstaden.
Kl. 17.00

Laurdag 1. september:

Bondens dag.
Torgdag på Osøyo, gratis frukost.
Torghandel. Bilfritt sentrum.
Kl. 10.00 - 15.00

Fiskekonkurranse frå robåt med
dorg og harpesnøre.
Kl. 11.00-13.30

Ope hus på Oselvarverkstaden.
Udstilling.
Kl. 12.00 - 17.00

Oselvarmønstring. Så mange
oselvarar som mogleg, med eller
utan segl, samlast i elveosen.
Båttulan til folk som ynskjer å ro
eller segla. Instruksjon. Særskilt
tilbod til born og familar med
born.
Kl. 12.00

Røregatta Kapproingsbåtar og
standardbåtar. Kort bane for born.
Kl. 14.00 - 17.00

Teater for born og voksne på
Kyrkjellaten. **Kl. 15.00**

Konsert og bryggedans.
Kl. 20.00 - 22.00

Fyrverkeri **Kl. 22.00**.

Sunday 2. September:

Vandring på gamle kyrkevegar, til
sjøs og til lands. Me samlast om
vegen frå Søre Neset.
Kl. 09.00 - 12.00

Gudsleneste i Os kyrkje.
Kl. 12.00

Seglregatta for oselvarar.
Standardbåtar og
konkurransebåtar.
Kl. 14.00 - 17.00



Osterøy, den store innlandsøya i Sør-Noreg, ligg omkransa av Osterfjorden og Sørfjorden. Her kan du oppleva alt frå høgfjell til frodige fjordbygder. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevelsingar og aktivitetar. Ein rundtur på Osterøy gjev deg høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Me inviterer deg til å leggja turen innom Havratunet, Osterøy museum og Hamre kyrkje.




Foto: Inger Aarheim.

Osterøy museum

Osterøy museum ligg vakkt til på ein sandbanke på Gjerstad – på veg mellom Osterøybrua og Lonevåg. Museet har bygningar og samlingar knytt til fjordkulturen i Indre Nordhordland, frå 1600 til vår eiga tid.

Bygningshistorisk avdeling har årestover, lemstover, eldhus, løe, skulehus og det staselege Fjellskålnesloftet. På rot kringom ligg smier, fabrikk og garveri som minne om den rike handverks- og småindustritradisjonen. Nytt museumsbygg med faste og skiftande utstillingar. Søndagskafe med stompaker.




Frd utstillinga.

Foto: Osterøy Museum.

Hamre kyrkje

Hamre kyrkje, som i mellomalderen var hovudkyrkje i Nordhordland, har inventar frå fleire tidsbolkar.

Tømmerkyrkja som står på Hamre i dag, er bygd mellom 1620 og 1640. Den første kyrkja på same tomta stod der i 1024. Frå mellomalderen er det bevart både stavkyrkjedalar og inventar. Kyrkja vart restaurert attende til praktfull rennesanse kring 1950.



*Hamre
kyrkje
Foto:
Håkon
Ausheim.*

PROGRAM:

14. – 15. august og sundagar fram til 30. september

Havråtunet

Omvising kvar heile time.

Kl. 12.00 – 15.00.

Vaksen kr. 25,-
barn/honnør kr. 15,-

Sundag 19. august

Hamre kyrkje: Omvising
v/Kristoffer Foldøy. **kl. 15.00.**

Sundag 26. august

Osterøy museum.
Tradisjonsbruk av mjølk på Osterøy
og andre stader i verda.
Aktivitetsdag på Osterøy museum
med demonstrasjoner, smaksprøver

og oppskrifter. Lokketonar og
mjøkeviser ved Linda Røyseth. Sal
av kaffi og mjølkemat.

Bondeorganisasjonar i Osterøy i
samarbeid med Osterøy museum.
Gratis tilgjenge.

Udstillingar:

20.05 – 31.12.01

«For i tida - Glint frå det private
og offentlege livet i tidlegare
århundre» «Brakje –
Osterøyplanten» «Folk i ei krigstid.
Ei portrettutstilling» i samarbeid
med Fylkesarkivet, fotovernnetesla
og Osterøy vidaregåande skule.

20.05 – 31.10.01

«Mine henders gjerningar» i
samarbeid med Osterøy
Husflidslag.
Billettpris: Vaksne kr. 30,-,
barn kr. 10,-



Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden, heile 500 ved fjære sjø. Kommunen har eit areal på 66 m², der det høgaste punktet, Blomenuten, er på 73 m.o.h. Talet på innbyggjarar var ved tusenårsskiftet om lag 3600. Tradisjonelt var kombinasjonen av fiske og småbruk næringsvegen i Øygarden fram til 1960-talet. I dag er kommunen leiande innan havbruk og fiskeoppdrett. Store industri-anlegg, Stureterminalen og

Kollsnes gassanlegg gjev kommunen store utviklingsmoglegheiter og viktige arbeidsplassar til regionen.

Regionen har gode vilkår for friluftsliv, fiske, sjøsport og idrettsaktivitetar.

Kystmuseet i Øygarden


Eit økomuseum for kystkulturen i ytre strøk av Hordaland.

Museet er opptekne av samanhengen mellom kultur og natur, miljøtilhøve, samfunnsutvikling og dokumentasjon av fortid og samtid i kystregionen.

Kystmuseet har ei fast utstilling om Strilekysten sin energi og ressursbruk gjennom 10 000 år, samt skiftande utstillingar.


Kystmuseet har auditorium med 50 sitteplassar og moderne AV-utstyr. Framsyning av kulturhistoriske filmar.

Museumskafeen har flott utsyn



«Kystmuseet i Øygarden»

Foto: Bjørg Christophersen.



Kystkulturdagen i Øygarden 2000.

Foto: Kystmuseet.

over Ovågen med naustmiljøet og den gamle dampskipskuaia, og rolege omgjevnader til å nyta ein kaffikopp med heimebakst.

Sesongope: april – september, elles etter avtale.

Tlf.: 56385050

Faks: 56385051

epost:

kystmuseet.oygarden@c2i.net

Heimeside: [www.museums-](http://www.museumsnett.no/kystmuseet)

nett.no/kystmuseet

Kystkulturdag 26. august 2001 *"stril og bymann"*

Eit humoristisk spel som tek deg attende til tidlegare tider, og gjev morosame bilete og scener frå samkvem mellom kyst- og byfolket.

Dampen amatørteater saman med kjent kor, skulane i Øygarden og Kystmuseet står ansvarleg for oppsetjinga. Spelet er forfatta og dramatisert av lokale krefter.

Norsk Tradisjonsfisk – tradisjonell matkultur.
Følg med for meir detaljert informasjon seinare.

PROGRAM:

Sundag 26. august:

Kystkulturdag «Stril og bymann».

Kystmuseet i Øygarden

Åpningstider:

1. apr., 30. sept.:

sund. kl. 12.00 -17.00

2. mai - 31. aug.:

månd - fred.

kl. 11.00 - 15.00

23. juni - 18. aug.:

laurd. kl. 11.00 - 15.00



Frå steinalder til oljealder

Historia om Austrheim

fortel mykje om den utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid.

Den som i dag tar turen gjennom kystlandskapet mellom Fensfjorden, Fedfjorden og Lurefjorden, ser mange spor etter denne utviklinga. Her er buplassar frå steinalder, tusfer frå vikingtida og mellomalderen, steingardar og sjøhus frå førre århundre, og ikkje minst oljealderen sine vegar, bru-

spenn og høgteknologiske installasjonar. Historia om Austrheim er historia om korleis mennesket formar og pregar landskapet i sin kamp for å ta i bruk naturressursane. I dag gjev oljeindustrien på land og hav flest arbeidsplassar for dei om lag 2600 innbyggjarane i denne vakre øykommunen.



Funnar.

Foto: Østrem.



Ruser og gamle fiskereiskapar høyrer med på Fonneskaien.

Foto: Knut Risnes.

Fonnes

Kva er ei «pøtetrova»? Korleis såg eit ålebruk ut? Korleis spleisar ein tau? Kva gjer ein når ein skal klinka ein båt? Lokalbefolkninga på Fonnes er optatt av å ta vare på tradisjonar, dette kan du få oppleve med å besøkja oss på Fonneskaien i samband med Kystsogevekene. Då friskar me opp att gamle tradisjonar knytt til liv og levemåte i ei kystbygd, og arrangerer «DET VAR EIN GONG». Mellom anna kan du oppleve garnbøting, klinking av trebåt, spleising av tau, kastning med landnot, smaka på rømmegrøt, fiskesuppe og heimelaga lefser, samt sjå ei stor utstilling av gamle fiske- og jordbruksreiskapar m.m.

Kystsogearrangementet på Fonnes-kaien held fast på tradisjonane, men det vert også lagt opp til nye overraskningar i årets arrangement. Kan henda kjem gamle-dampen «Oster» innom også?

PROGRAM:

Laurdag 11. august:

Fonnes. Tema: «Det var ein gong...». Vi friskar opp att gamle tradisjonar knytt til liv og levemåte i ei kystbygd.

Kl. 12.00-17.00



Øya vest i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Folketalet er kring 700.

Fedje er ikkje Costa del Sol og ikkje den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her. Men så - uventa og velkome - tørkar sola skyene bort. Så tagnar vinden, og så ligg Fedje med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Og ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet.

Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg. Prat med folket og lat oss læra kvarandre å kjenna. Me har enno tid til å vera menneske mot menneske.

Kræmmerholmen

Kræmmerholmen handels- og gjestgjevarstad frå det



Folkelivet på Fedje.

Foto: Strilen.

17. hundreåret er ein av dei gamle privilegerte handelsstadene som pengesterke kjøpmenn i Bergen etablerte og dreiv. I 1842 vart ei ny handelslov innført. Denne gjorde slutt på dei gamle privilegia, og handelen på Kræmmer-holmen tok slutt i 1880-åra. No er Kræmmerholmen restaurert og rehabiliteret etter antikvariske retningslinjer, og framstår både som ein historisk og moderne gjestgjevarstad. I sjøbua er det etablert eit enkelt kystmuseum kalla Fedjesamlingane. Der kan du gjeira deg kjend med det som

eingong fanst på Fedje, - slikt i kvardagen, dramatikken på havet og sosiale tilhøve i glede og sorg.

I tida 13.06. - 15.08. er samlingane opne kvar dag kl. 12.00 - 17.00.

Fedjespelet hadde urframføring i 1997. Spelet er no utvida, og vert også i år framført på uteplassen på Kræmmerholmen. Det viser litt av livet på handelsstaden og av samfunnslivet på Fedje for 200 år sidan. Fedje teaterlag er aktørar, med Ragnhild Randal som instruktør. Klokkeslett for dei ymse aktivitetane vert kunngjort seinare.

Hellisøy fyr

Hellisøy fyr ruvar mot horisonten, eit velkjent landemerke der det ligg på ei lita øy i sørvest mot Fedjeosen og storhavet. Hellisøy fyr vart tent i oktober 1855. Det runde støypejernstårnet har ei høgd på 33 meter og ei lyshøgd på 46 meter over havet. I 1954 fekk fyret elektrisk straum frå land. På denne tida vart og drifta lagt om, slik at familien til fyrvaktaren ikkje lenger skulle bu på fyrtasjonen. Fyret vart automatisert i 1989, og frå 1992 har stasjonen vore ubemannata. Under kulturminnestafetten i 1997 vart Hellisøy fyr - som det mest karakteristiske symbolet for Fedje - utpeika som Fedje kommune sitt kulturminne.



Sal av mat på torgdagen.

Foto: Strilen.

For informasjon om overnatting, turforslag, guiding og aktivitetar - ta kontakt med:

*Turistinformasjonen på Fedje,
«Havstad Tinn»,
tlf. 56 16 43 20.
fax 56 16 40 48,
e-mail: fedjeinfo@havstad.no*

Ope måndag - laurdag
kl. 10.00 - 17.00 , sundag
kl. 12.00 - 15.00 .
Eller: Nordhordland
Reiselivslag, turist-
informasjon, tlf. 56 35 16 01
fax. 56 35 21 60.

PROGRAM :

Laurdag 1. Sept.:

Torgdag, Salsboder, aktivitetar og underholdning. Fedjepelet.

Medio juni og august:

Fysafari til Hellesøy fyr sundagar
kl. 12.00-15.00.

Kontakt turistinformasjonen vedr. fysafari.

Havstad Tinn:

Open turistkontor og verkstad utsa.
Månd-fred kl. 09.00-16.00
laurd kl. 10.00-15.00
Sund kl. 12.00-15.00



Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen kommune som eit «bruhovud» til Hordaland. Kommunen har ein spennande natur med om lag 1500 øyar, holmar og skjer, og eit fastland med små dalføre som går på kryss og tvers i landskapet. Dei om lag 2500 fastbuande i kommunen fordeler seg ganske jamt i dei 4 skulekrinsane, Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og

Byrknes. Spennet er langt frå dei ytste jomsfruelege og nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen.

Kystsogevekene i Gulen vil innehalde ei rekke arrangement i heile kommunen. For informasjon om reisemåte, overnatting og aktivitetstilbod:

*Reisemål Ytre Sognefjord og Dalsfjord, tlf. 57 78 43 42
(www.jensbua.no)*

Eivindvik kulturminne-område

Niels Griis Alstrup Dahl (1778-1852) prost og opplysningsmann, gjorde eit eineståande godt arbeid på

mange område, m.a. innaforskulevesen og opplysningsarbeid, helsestell, jordbruk og utskifting av om lag 200 jordeidemorar i Gulen. Dahl sin innsats vert gjort levande gjennom ein årleg temabasert Dahl-dag med ymse innslag, m.a. dramatisering og føredrag. I år er det jordskiftemannen og jordbrukaren Dahl som er utgangspunktet for markeringsdagen den 12. august.

Gulatinget, det første landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av nasjonen etter rikssamlinga, vart skipa i Gulen ein gong før år 900 og halde her med årvisse samlingar til rundt år 1300. Ei ny tid er i no emning for Gulatinget; Håkon den Gode har funne attende til tingvollane. I år er det 4. året sogenespelet

«Håkon Adalsteinsfostre i Gula» vert framført på Flolid. Gulatinget er Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane fylke. Bård

Breivik er i gang med å planleggje spennande steinkunst på Flolid.

Resultatet vert presentert i ei utstilling i Eivindvik i august i samband med Håkonarspelet.

Gulen Fiskarbondemuseum på Byrknesøy

Heilt fram til etterkrigstida var fiske og jordbruk i kombinasjon den vanlege levevegen på kysten. Gulen Fiskarbondemuseum i Barvågen, som inneholder eit autentisk fiskarbondesbruk frå førre hundreåret, vil gjere denne soga synleg og levande. Museet har fleire båtar og ei fin samling gamle gjenstandar, og er utgangspunkt for årlege kystkulturmønstringar.



Gulen Fiskarbondemuseum - Gamaldags kyrkjeferd.
Foto: Gulen Fiskarbondemuseum.

Vassbruks-miljøet på Midt-Takle

I kulturminneåret 1997 vart stampa på Midt-Takle kåra til Gulen kommune sitt kulturminne. Ei stampe er ein bygning som vert nytta til framstilling av filt/vadmål. Stampa, der berre murane stod att, gjekk inn i eit kulturhistorisk vassbruksmiljø som også omfatta eit gammalt kvernhus. I Kystsogevekene 1999 var det storstilt opning av stampa og vassbruksanlegget.

Sellevåg Treskofabrikk

Den vesle fabrikken vart bygt og kom i bruk i år 1900. Året før kjøpte Bergens

Treskofabrikk Limited opp eigedommen, som også femna om fallrettane i elva som skulle gje drivkrafta. Anlegget vart freda som teknisk-industrielt kulturminne i 1996. Dei ulike maskinane er drivne av reimar som er kopla til ein aksling oppunder taket. Akslingen vert i sin tur driven av eit vasshjul i ein turbin. Her kan du enno få sjå treskomaskineriet i full drift.



Sellevåg-Treskofabrikk.
Foto: Gulen kommune.

PROGRAM :

12. august:

Eivindvik, Niels Griis Alstrup Dahl-dagen. Kulturvandring, fiskecuppe, utstilling, føredrag/dramatisering. Tema: Bonden, jordbrukaren og jordskiftemannen **Kl. 13.00**.

26. august:

Midt-Takle. Open dag i restaurert vassbruksanlegg. Demonstrasjon av stamping/loving av klede, malning av mjøl, sliping av reiskap. Sal av mat og kulturinnslag **Kl. 13.00 -17.00**.

17. - 19. august:

Eivindvik/Floiid. Presentasjon av forprosjekt om Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane – Gulatingslet. Folkemøte, skulpturar og utstilling.

18. august:

Floiid. Gulatingslet. Vikingmiljø med vikingtun, dyre- og folkeliv, vikingmat, kramkarar og handverkarar. Frå **kl. 12.00**.

Floiid. Håkonarspelet: «Håkon Adalsteinfostre i Gula».

19. august:

Floiid. Håkonarspelet: «Håkon Adalsteinfostre i Gula».

Floiid. Gulatingslet. Vikingmiljø med vikingtun, dyre- og folkeliv, vikingmat, kramkarar og handverkarar. Frå **kl. 12.00**.

2. september:

Sellevåg. Sellevåg Treskofabrikk. Orientering om treskofabrikken og produksjonen, og omvising med demonstrasjon av treskoproduksjon. **Kl. 13.00 - 16.30**

Furenes. Rekebord i Brandangersund samfunnshus **Kl. 14.00 - 17.00**.

15. september:

Mjømna. Krabbefest. Servering av sørmat og dans i Mjømna bygdehus **Kl. 20.30**.

3. juni – 2. sept.:

Byrnes. Gulen Fiskarbondenmuseum. Ope laurdag og sundag **kl. 14.00-17.00**.



Lindås er den største kommunen i Nordhordland med regionsentret, Knarvik, som eit naturleg knutepunkt.

Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua.

I Lindås finn du vakker natur frå fjord til fjell.

Hotell, feriesenter og campingplassar byd deg husrom. Du kan padla, fiska og bada i sjø og vatn eller ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda.

Du er velkommen!!

Eiles kan du oppleva dette:



Foto: Avisa Nordhordland.

Håkonshaugen på Seim

For tusen år sidan var bygdene våre sentrum for kongemakt. Vi veit at Harald Hårfagre hadde kongsgard på Seim, og soga seier at Håkon den Gode skal vera gravlagd der.

Håkonshaugen er eit fint minnesmerke over den første, krist-

ne kongen og over den åndskampen som gjekk føre seg i folket for tusen år sidan, kampen mellom heidenskap og kristendom. Håkonshaugen er også tusenårsstaden i Lindås kommune og er open for publikum. Det er høve til å få guiding etter avtale. (sjå under Håkonarspelet).

Håkonarspelet, "Håkonarvarde"

er skrive av Johannes Heggland. Det fortel om Håkon den Gode sitt liv og den kampen han førde for å få folket i Noreg til å ta imot Kvitekrist. I år skal "Håkonarvarde" framførast på Håkonshaugen i Seim 25. og 26. august. Her spelar profesjonelle skodespelarar saman med amatørar frå Nordhordland.

Kor og orkester framfører musikken som er laga av Ketil Hvoslef og Jostein Stalheim. Laurdag vert det kveldsframstyrning.

For billettar:
Ta kontakt med Stiftinga Håkonshaugen.
Tlf. 56356805/56356500
Mobil: 95807113
eller E-post. Sjå internetsida under
www.lindas.kommune.no
I samband med Håkonarspelet

vert det arrangert ymse aktivitetar for barn og vaksne. Håkonarmarsj – open gard – historisk vandring – vikingskip på fjorden m.m

Lindås skolemuseum

ligg idyllisk til ved Bjørndalsvatnet i Vassel gamle skulehus frå 1886. Museet har over 1000 registrerte gjenstandar og to faste utstillingar; skulestova og omgangsskulestova. Er ope etter avtale.

Tlf: 56356500

Laurdag 1. sept. vert det liv i dei gamle skulestovene. Elevar frå Leiknes skule vil gjenskapa ein skuledag i gamle dagar. Vil du vera med?

Museet ligg ca. 15 km frå Knarvik langs E 39. Ta av mot Eknes/Hindenes.



Foto: Avisa Nordhordland.

Lynghesisenteret på Lygra

Opplev lynchiane og det opne, vakre kystlandskapet. Langs fredelege stiar står torvhus og gardflorar som dei har stått i mange hundre år. Møt villsauen som går ute heile året. I

Informasjonsbygningen kan du sjå film og utstillinga "Det stig av hav..." om det europeiske kystlandskapet gjennom 5000 år. I matstova vert det servert tradisjonsmat med villsau som spesialitet. Besök den kulturhistoriske garden med drift som på 40-talet med hest og eldre husdyrrasar.

Lynghesisenteret er i dag den einaste staden i Europa der du kan oppleve autentisk lyncheidrift tilrettelagd for publikum.

Opningstider

Juni – august:

Dagleg kl 11-19.30

September:

Tysdag – fredag kl 11-17,

Sundag kl 11-19.30

Også etter avtale.

Lindås Sogelag

Sogelaget har meir enn 5000 registrerte gjenstandar, blant desse er det ei stor samling med tradisjonsbåtar og sjøbruksutstyr frå Lindås. Laget gjer eit verdifullt arbeid med å ta vare på historiske gjenstandar frå området vårt. Gjenstandane vert synte fram for publikum gjennom ulike utstillingar og bruk av båtane i spesielle samanhengar.



Lynge blommer på Lynghesisenteret på Lygra.

Foto: Egill Korsnes.

Kontaktpersonar båtgruppa:
Trygve Pletten, tlf 56355044,
Magnar Bergås, tlf 56355138.

Strilefiskefestivalen 12.august 2001

Lindås sogelag, Norsk Tradisjonsfisk og Lynghesisenteret samarbeider om å arrangera ein stor familiedag på Lygra med fokus på sjø og fiske. Du kan undersøkja livet i fjæra, smaka på strilefisksuppa, sjå på tradisjonsbåtar og læra meir om tradisjonsfisken på Vestlandet. Kanskje får du ein fisk også!

Rotur til Lurekalven 9. september 2001

Denne dagen skal vi utforska løyndomsfulle Lurekalven. Vi vandrar først gjennom lynchiane på Lygra til Kalvsundet, der vi går i dei gamle trebåtane som vi skal ro over sundet. På Lurekalven vert det vandring og orientering om øydegarden frå mellomalderen.

Arrangementet er eit samarbeid

mellom Lindås sogelag og Lynghesisenteret.

Meir informasjon om desse to arrangementa får du ved å kontakta:

Lynghesisenteret på Lygra, 5912 Seim, tlf 56356410, fax 56356420, lynghesisenteret@c2i.net

PROGRAM:

12. august:

Strilefiskefestivalen.

17. og 18. august:

Strilajazz i Knarvik.

25.august:

Årspremiere Håkonarspelet «Håkonararde» kl. 22.00, sjå side 39.

26.august:

Framføring Håkonarspelet «Håkonararde» kl. 15.00, sjå side 39.

1. september:

Skolemuseet kl. 10.00.

9.september:

Rotur til Lurekalven.

Masfjorden

NORDHORDLAND



«Roregatta på Risnesvågen»

Foto: Rune Garmann.

Djupe dalar, ville fjell

Masfjordnaturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjell-landskapet tusen meter over havet, der dei første tunne armane av Haugsdalselva hentar vatn ut av snøfonnene. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i eit avgøynt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går seg lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane, vasskrafta er berebjelen i heile Masfjordsamfunnet. Det bur ca. 1800 menneske i kommunen.

Bjørn West museet

Bjørn West museet på Matre framstiller motstandsrørsla sitt virke under 2. verdskrig. Ei spanande og interessant norsk krigshistorie med ei imponerande samling av autentiske våpen, utstyr og personlege effektar. Biletspel med norsk/engelsk/tysk tale. Juli-august, månd.-fred.
kl. 11.00-16.00. Pris: vaksne kr. 30,-. Grupper (10 personar) kr. 20,-, barn kr. 10,-. Tlf. museet 56 36 63 00. Jon Hope tlf. 56 36 62 39 eller Leidulv Solheim tlf. 56 36 60 14.

Matre Hotell

Reist i 1911 og lagt ned i 1953. Det er funne sikre haldepunkt for at bygget har hørt til gamle kjøbmannsstuen på Bryggen i Bergen. For omvising kontakt Magnhild Rørtveit, tlf. 56 36 62 45 eller Ann Iren Hansen, tlf. 56 36 61 51. Enkel servering i tidsrommet juni – august.



Arne Høyland Foto: Rune Garmann.



Ovnsundring på Dyroy.

Foto: Rune Garmann.

Trodal-samlinga

Bustad i austlandsstil frå 1820-åra. Omfattar om lag 700 gjenstandar frå bruket i Trodalen; jordbruksreiskapar, reiskapar for skogssdrift og stølsdrift, hushaldningsartiklar og mykje meir. 2. høgda har eit eige medierom med gamle avisutklipp m.a. frå frigjeringsdagen. Kontakt Olav S. Trodal tlf. 56 36 62 33. Omvising: Vaksne 30,-, barn 10-15 år 10,-, barn under 10 år gratis.

Kvamsdal Fargeri

Fargeriproduksjon 1889-1954. Syner korleis ei industriell småverksemid for farging og hand-saming av tøy og garn var bygd opp og vart driven. Komplett med utstyr og reiskapar. Ny dokumentasjonsvideo. Kontakt Masfjorden kommune v/Frode Vee-Haugen tlf. 56 36 51 00.

PROGRAM:

10. august

Sandnes/Kulturprogram.

11. august

Nautessund. Kulturprogram. Nordbygda samfunnshus. Arrangement/dans.

12. august

Nord-Kvingo. Kulturprogram/gudsteneste.

17. august

Stordalen fjellstove. Seminar om havbruk.

18. august

Matre kultområde. Marknadsdag. Opne museum, samt Matre Hotel.

19. august

Litle Matre/Stordalen. Bjørn Westmarsjen.



Porten til Nordhordland

Meland kommune er inngangsdøra til Nordhordland. Frodige Holsnøy, største øya i kommunen, har tett i tett med idyllar og historiske perler som minner om den gongen då sjøen var ferdelsveg.

Holmeområdet

Holmeområdet var frå gammalt eit aktivt landbruksområde, der utmarka var ein viktig del av gardsdrifta. Dette kan ein sjå av hustufter, eldre ferdelsårer og neverande bygningar. Sveitsarhuset som er under restaurering, vil vise ei tosiktig historie, både som gardshuset på Holme før utskiftinga og som feriebustad for fagforeninga Bergen Jern og Metall. Holmeknappen var i eldre tid ein sentral plass der det fant dampskipskai, meieridrift, post, butikk, bakeri, bokerverkstad og saltebu. Kystsogevekene 2000 vil fokusere på livet i Holmestova, sjøbruksmiljøet og bokkerhandverket i Sjøbua samt livet på dampskipskaien. På hovuddagane vil vi freiste å få fram soga om plassen Holme



«Friluftsgudsteneste på Holmeknappen» prest Rune Minde.

Foto: Helen Dale.



Meland-Holmeknappen «Firkloveren» v/Randi Skintveit frå handverksutstillinga

Foto: Helen Dale.

gjennom forteljarkunst og dramatisering. Det vert og lokalmarknad.

Holmestova museum:

Holmestova er ei leinstove frå 1551, og er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland.

Sjøbua museum:

Museum for kysthistorie. Sjøbua frå 1700-talet har vore brukt som bokerverkstad, saltebu, butikk og skjenkestove.



Holmeknappen-Meland frå veteranbilutstillinga. Eigarar av bilane: E.Tveit/Å.Walde.
Foto: Helen Dale.



Meland-Holmeknappen. Melandsrevyen sine unge skodespelarar frå «Søndagskveld på kaien».
Foto: Helen Dale.

PROGRAM:

Laurdag 25.august og sundag 26.august

frå kl. 11.00 - 17.00 på Holme Marknad/torg med sal/utstilling av mange handverksprodukt. Sal av tradisjonsmat som sild, lefser, flatbrød.

Udstilling av veteranbilar og båtmotorar.

Gamle dampen «Oster» ligg ved kai heile helga og vil gå småturar. Skyss i området av hest og veteranbilar.

Arr. Arbeidsgruppa for Kystsogevekene.

Utvila historisk spel på Holme om hendingar frå 1930 - 1950 åra.

Arr. Melandsrevyen.

Guiding i Sjøbu og Holmesløva, også i sumarsesongen elles.

«Holmeknappen kaikafé» vil vera open for servering av middag ved sida av vanleg kafesal.

«Krambua» til Anne Johnsen er open. Sal av kunst/husflid

Sundag 26. august:

Friluftsgudsteneste på Holmeknappen
kl. 11.00. Arr. Soknerødet.

Vestbygdmarsjen: Start ved Vestbygd skule. Påmelding/start kl. 12.00-13.00.

Arr. Holmemarka Vel.



«Gamle Dampen» • M/S Bruvik.

Hugsar du «Gamle Dampen»?

Laurdag 8. september vil M/S Bruvik gå i rutetrafikk rundt «Den grøne øya». Båten vil gå innom dei gamle dampskipskaiane og skapa liv og røre som i gamle dagar.

Meir informasjon om detaljar vert gjeve seinare.

Kontakt Radøy Kulturkontor:
56 34 90 31.

Bogatunet

Bogatunet er eit gardstun frå 1600-talet, i eit historisk kystlandskap og sjøbruksmiljø. Det samanbygde huset inneheld dei fire delane: Eldhus, røykestove, bu med loft og glasstove.

Glasstova er yngst og er frå byrjinga av 1800-talet. Loftet

over bua vart bygt i 1735. Det vart rive i 1905, seinare vart det rekonstruert. Tidlegare var det svaler kring huset, desse er no borte. Huset viser trekk frå den mellomalderlege byggeskikken i det nordatlantiske kulturområdet. Det er svært få slike



Produksjon av brenselvar var ein av aktivitetane på Bogatunet i 1999.
Foto: Rune Rydland.

bygningar bevarte i kyststroka i Vest-Noreg.

Den grøne øya

Tilnamnet «den grøne øya» syner til den vakre og frodige naturen i kommunen. Radøy kommune ligg sentralt i Nordhordland, 40 km nord for Bergen. Arealet er 110 m² og folketalet er om lag 4600. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.

Sæbø kyrkje

Sundag 16. september kl.

11.00: Gudsteneste i gamal stil v/sokneprest Ingvar Fykse.

Målet er å skapa til ein kyrkjesundag slik han arta seg på Radøy i førkrigstida. Folk vert oppmoda om å stilla i dei gamle bestekleda og å reisa til kyrkja anten med hest eller gåande til fots. For enkelte kan det vera aktuelt å ro eller sigla i den gamle færingen.



Emigrantkyrkja – flyttu frå Brampton ND, USA.

Foto: Roald Straume.

Tjorehagen

Tjorehagen med sine 400 ulike rododendronartar og like mange tre og buskar, er vel verd eit besøk.

Sesong: April – september.

For informasjon ring 56 37 11 45.

Vestnorsk utvandrings-senter

Vestnorsk utvandringssenter vart opna 4. juli 1997, og inneholdt Emigrantkyrkja, Brampton Lutheran Churc, henta heim frå Nord Dakota, USA. Vidare er det knytt eit unikt utvandrararkiv for Hordaland og Sogn og Fjordane til senteret, og der er reist fire bautasteinar knytt til norskamerikansk historie og til den norske innsatsen i

2. verdskriga. Det er og henta heim ei skulestove, ei nybyggjarstove og ein lærarbustad frå pionertida.

Opningstider: 1. til 20. juni:

Laurdag/sundag

kl. 12.00-18.00

21. juni til 20. august:

Kvar dag kl. 12.00-18.00

21. august til 31. august:

Laurdag/sundag

kl. 12.00-18.00

Fredag 6. – 8. juli vert det skipa til stort utvandringsstemne.

Elles etter avtale

tlf. 56 37 20 00/56 37 20 95

Pris: Vaksne kr. 30,-, born over 7 år kr. 10,-.

PROGRAM:

20. - 24. august:

Manger. Ein «familie»skuleklasse frå Hordabø skule vil bu på Bogatunet og levande gjera kvardagen for ein familie på 1850-talet på strålalandet. Det vert servert tradisjonsrik mat. Ope kl. 12.00 – 18.00. Elles ope kvar sundag i juli og august kl. 14.00 – 19.00.

Sundag 26. august:

Hausdag i Tjorehagen. Hagevandring, hausrabatt på hageplanter. Kaffi og vaffler.

Sundag 8. september:

«M/S Bruvik» går i rutetrafikk rundt «Den grøne øya».

Sundag 9. september:

Radøy sogelag skipar til Bogatunstemne. Kontaktperson Berit Kvalvik tlf. 56 37 32 73 Radøy kulturkontor tlf. 56 34 90 31.

Sundag 16. sept.:

Gudsteneste i gamal stil v/sokneprest Ingvar Fykse. Kl. 11.00.



Håkonarspela 2001

av Johannes Heggland

«Tora Mostrastong og Kongen»



Musikk Per Indrehus.

Laurdag 11. august kl. 15.00

Søndag 12. august kl. 15.00

Urpremiere i samband med
offisiell åpning av Kystsogevekene 2001.

Moster Amfi, Bømlo

Regi: Wera Rostin Wexelsen

Orkesterleiar: Hans Gunnar Skreslett

18 aktorar frå Bømloteateret og 6 musikkarar

Kostymekonsulent: Marianne Forberg

Kostymer: Anne G. Møklebust, Karin Anuglen
og Karin Halleraker m.fl.

Scenografi/rekvista: Mike McGurk m.fl.

Produksjonansvarleg:

Stiftinga Kystsogevekene tlf. 53 42 46 64 og

Bømloteatret tlf. 53 42 07 90 i samarbeid med

Hordaland Teater.



«Håkon Adalsteinsfostre i Gula»

Musikk Jostein Stalheim

18. og 19. august, kl. 15.00

Stad:

Gulatingsparken i Gulen

Regi:

Pål Øverland

Orkester:

Manger Musikklag

Kor:

Gulatingkoret

Dirigent:

Øyvind Storheim



Profesjonelle skodespelerar frå Sogn og Fjordane teater i hovedrollane.

Forprosjekt for utforming av Gulatingsparken, som er Sogn og Fjordane sin tusenårsstad, vert presentert under spelet.

Vikingtunet vil også i år myldre av vikingar og aktivitetar. Bodar med grillmat, kaffimat og salsartiklar vert i år som før ein del av arrangementet.

Produksjonansvarleg: Arbeidsgruppa for Gulatinget/Håkonarspelet i
samarbeid med Sogn og Fjordane teater.



«Kongen med Gullhjelmen»

Musikk Knut Vaage

Laurdag 25. august kl. 20.00 og Sundag 26. august kl. 15.00

Spelet vert sett opp med **to** forestillingar i den vakre Håkonarparken i hjarte av Fitjar sentrum. Me ynskjer å skape fin stemning på laurdagskvelden med forestilling kl. 20.00. Denne forestillinga skal lyssetjast. Søndagen vert det familieforestilling kl. 15.00.

Me har i år som åra før med oss stammen i spelet, Osternes mannskor. Enno er det litt uklart kven som skal ha regi og ein del av dei andre rollane er ikkje avklara på dette tidspunktet. Det er klart at det vert spel og me gler oss til å spele i parken enno ein gong.

Håkonarspelet er i år del av Fitjarfestivalen. Det vert stor aktivitet på Fitjar denne helga. Fullt program for dette vert annonsert seinare.



«Håkonarvarde»

Musikk Jostein Stalheim.

25. august kl. 22.00 og 26.august kl. 15.00

Stad:	Lindås/Håkonshaugen-Seim.
Regi:	Gerald Pettersen
Orkester:	Eikanger-Bjørsvik Musikklag
Kor:	Seim Songkor
Dirigent:	Reid Gilje

Profesjonelle skodespelerar er Agnetha G. Haaland som Tora Mostrastong og Bjørn W. Andersen som Håkon den Gode, dei spelar saman med amatørar frå Nordhordland. Det vert i år arrangert ymse aktivitetar for born og vaksne t.d. Håkonarmarsj, open gard, historisk vandring, vikingskip på fjorden m.m.

Produksjonansvarleg: Stiftinga Håkonshaugen.



«Håkon Adalsteinfostre»

Musikk Knut Vaage.

8. september, kl. 15.00

Stad

Bergen/Håkonshella-Marinebasen i Haakonsvern

Regi:

Christian Venge

Orkester:

Laksevåg Musikkforening

Kor:

Follesø Mannskor

Dirigent:

Michael Antrobus

Produksjonsansvarleg: Laksevåg kulturkontor og Haakonsvern Orlogstasjon.

FESTFRAMSYNING NORDHORDLAND OG GULEN I BERGEN

LAURDAG, 15. SEPTEMBER 2001

Laurdag 15. september "slår" Nordhordland - Gulen på scenen i Grieghallen. Regionen vil presentere seg i ei levande og fargerik festframSYNING. Denne kvelden vil kunst og kultur frå kyst til fjell verte framført av kunstnarar; profesjonelle og amatørar i flott samspel.

Frå programmet kan vi nemne:

Brassmusikk

Folketonar, kveding, revyinnslag, musikk og dans

Stort Nordhordland "blanda-kor"

Detaljert program vert annonseret

I foajéen i Grieghallen vil det vere kunstutstilling med lokalt preg i samband med framSYNINGA.

Arr. Stiftinga Kystsogevekene og Regionrådet for Nordhordland og Gulen.

KYSTSOGEVÅKEN 2001

11. AUGUST - 15. SEPTEMBER

DATO & STAD	AKTIVITET	SJÅ SIDE
11. august		
Mosterhamn/Bømlo	Offisiell opning av Kystsogevekene 2001. Hordaland kl. 15.00 .	6 - 7
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Urpremiere Håkonarspelet «Tora Mostrastong og Kongen».....	6 - 7 og 38
Kvalvåg/Austevoll	Familiedag i Kvalvåg Seilsenter	4 - 5
Bakkasund/Austevoll	Ope hus på Storekalsøy museum kl. 11.00-14.00.....	4 - 5
Fonnes/Austrheim	«Det var ein gong...» kl. 12.00-17.00	24 - 25
Nautesund/Masfjorden	Kulturprogram	32 - 33
Nordbygda/Masfjorden	Arrangement/dans	32 - 33
Nedrevåge/Tysnes	Saltebø i Nedrevåge. Tysnesrevyen «Q-galskap»	14 - 15
12. august		
Kvalvåg/Austevoll	Temadag: Islandsfisket.....	4 - 5
Kvalvåg/Austevoll	Gudsteneste kl. 11.00-12.30.....	4 - 5
Kvalvåg/Austevoll	Utstilling og aktivitetar knytta til islandsfisket, marknad kl. 12.30-18.00	4 - 5
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Håkonarspelet «Tora Mostrastong og Kongen» kl. 15.00	6 - 7 og 38
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Jazzgudsteneste, avslutting av Sildajazzzen i Haugesund kl. 12.30.....	6 - 7
Eivindvik/Gulen	Niels Griis Alstrup Dahl-dagen. Kulturvandring, fiskesuppe, utstilling, foredrag/dramatisering kl. 13.00.....	28 - 29
Lygra/Lindås	Strilefiskefestival	30 - 31
Nord-Kvingo/Masfjorden	Kulturprogram/gudsteneste	32 - 33
Nedrevåge/Tysnes	Saltebø i Nedrevåge. Tysnesrevyen «Q-galskap»	14 - 15
Nedrevåge/Tysnes	Saltebø i Nedrevåge Blueskveld kl. 21.00	14 - 15
Sveio	Sommarkonsert i Valenheimen kl. 18.00	12 - 13
13. august		
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Sommarskole.....	6 - 7
14. august		
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Sommarskole.....	6 - 7

Osterøy	Havråtunet. Omvising kvar heile time kl. 12.00-15.00.....	20 - 21
15. august		
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Sommarskole.....	6 - 7
Osterøy	Havråtunet. Omvising kvar heile time kl. 12.00-15.00.....	20 - 21
16. august		
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Sommarskole.....	6 - 7
17. august		
Knarvik/Lindås	«Strilajazz»	30 - 31
Stordalen/Masfjorden	Stordalen Fjellstove. Seminar om havbruk	32 - 33
Eivindvik/Flolid/Gulen	Presentasjon av forprosjekt om Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane – Gulatinget	28 - 29
18. august		
Bekkjarvik/Austevoll	Minivikingfestival kl. 9.00- 15.00.....	4 - 5
Bekkjarvik/Austevoll	Tivoli på den gamle ferjekaien.	4 - 5
Bekkjarvik/Austevoll	Torgkvelden i Bergen vitjar Bekkjarvik.....	4 - 5
Bekkjarvik/Austevoll	Hamp og Havstril i Hengjø kl. 18.00 og 21.00	4 - 5
Bekkjarvik/Austevoll	Øyhopping «Sørturen» med «Granvin» kl. 12.30 - 17.00.....	4 - 5
Espevær/Bømlo	Skaldyrbord med underhaldning	6 - 7
Langevåg/Bømlo	Arrangement v/Bømlo tur og Sogelag.....	6 - 7
Flolid/Gulen	Gulatinget. Vikingmiljø med vikingtun, dyr- og folkeliv, frå kl. 12.00.....	28 - 29
Flolid/Gulen	Håkonarspelet «Håkon Adalsteinsfostre i Gula».....	28 - 29 og 38
Eivindvik/Flolid/Gulen	Presentasjon av forprosjekt om Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane – Gulatinget	28 - 29
Knarvik/Lindås	«Strilajazz»	30 - 31
Matre/Masfjorden	Matre kaiområde. Marknadsdag	32 - 33
Matre/Masfjorden	Musea/Matre hotell. Ope museum.....	32 - 33
19. august		
Bekkjarvik/Austevoll	Friluftsgudsteneste på Skjeret kl. 11.00.....	4 - 5
Bekkjarvik/Austevoll	Turar til øyane med lokale båtar kl. 12.30 - 17.00.....	4 - 5

Espevær/Bømlo	Espeværdagen	6 - 7
Flolid/Gulen	Håkonarspelet «Håkon Adalsteinsfostre i Gula»	28 - 29 og 38
Flolid/Gulen	Gulatinget. Vikingmiljø med vikingtun, dyre- og folkeliv, frå kl. 12.00	28 - 29
Eivindvik/Flolid/Gulen	Presentasjon av forprosjekt om Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane – Gulatinget	28 - 29
Little-Matre/Stordalen/Masfjorden	Bjørn West-marsjen	32 - 33
Osterøy	Hamre kyrkje. Omvising kl. 15.00.	20 - 21
Leirvåg/Sveio	Friluftsgudsteneste på Kolerakyrkjegården kl. 12.00	12 - 13
Årbakka/Tysnes	Årbakka Handelsstad. Utstilling, film og foredrag om yachtsglalarne i USA	14 - 15

20. august

Manger/Radøy	Ein «familie» vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen på 1850-talet kl. 12.00 - 18.00	36 – 37
--------------	---	---------

21. august

Manger/Radøy	Ein «familie» vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen på 1850-talet kl. 12.00 - 18.00	36 – 37
--------------	---	---------

22. august

Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Jesus Christ Superstar	6 - 7
Manger/Radøy	Ein «familie» vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen på 1850-talet kl. 12.00 - 18.00	36 – 37

23. august

Mosterhamn/Bømlo	Senioruniversitetet	6 - 7
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Jesus Christ Superstar	6 - 7
Manger/Radøy	Ein «familie» vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen på 1850-talet kl. 12.00 - 18.00	36 – 37

24. august

Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. «Jesus Christ Superstar»	6 - 7
Fitjar	Amcarutstilling/MC utstilling	8 - 9
Fitjar	Bilrace	8 - 9
Fitjar	Konstert med «Hellbillies»	8 - 9
Manger/Radøy	Ein «familie» vil bu på Bogatunet og levandegjera kvardagen på 1850-talet kl. 12.00 - 18.00	36 – 37

25. august

Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. «Jesus Christ Superstar»	6 -
Sønstabøvågen/Bømlo	Kulturhistorisk dag i vågen kl.15.00	6 -
Fitjar	Kunstutstilling i biblioteket	8 - 9
Fitjar	Fiskefestival	8 - 9
Fitjar	Folkefest i Idrettshallen	8 - 9
Fitjar	Håkonarspelet «Kongen med Gullhjelmen»	8 - 9 og 39
Seim/Lindås	Håkonarspelet «Håkonararde» kl. 22.00	3 og 30 - 31
Holme/Meland	Marknad/torg med sal/utstilling	34 - 35
Holme/Meland	Utstilling av veteranbilar og båtmotorar	34 - 35
Holme/Meland	Gamle dampen «Oster» ligg ved kai og vil gå småturar	34 - 35
Holme/Meland	Skyss med hestar og veteranbilar	34 - 35
Holme/Meland	Guiding i Sjøbua og Holmestova	34 - 35
Holme/Meland	Utvila historisk spel på Holme	34 - 35
Holme/Meland	«Holmeknappen kaikafe» middagsservering og kafesal	34 - 35
Holme/Meland	«Krambua» er open. Sal av kunst/husflid	34 - 35

26. august

Lykling/Bømlo	Gullgruvevandring kl. 14.00	6 - 7
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. «Jesus Christ Superstar»	6 - 7
Fitjar	Håkonarspelet «Kongen med Gullhjelmen»	8 - 9 og 39
Fitjar	Gudsteneste i parken	8 - 9
Midt Takle/Gulen	Open dag i restaurert vassbrukanlegg. Demonstrasjon av stamping/toving av klede, kl. 13.00-17.00	28 - 29
Seim/Lindås	Håkonarspelet «Håkonararde» kl. 13.00	30 - 31 og 39
Holme/Meland	Marknad/torg med sal/utstilling	34 - 35
Holme/Meland	Utstilling av veteranbilar	34 - 35
Holme/Meland	Gamle dampen «Oster» ligg ved kai og vil gå småturar	34 - 35
Holme/Meland	Skyss med hestar og veteranbilar	34 - 35
Holme/Meland	Guiding i Sjøbua og Holmestova	34 - 35
Holme/Meland	Utvila historisk spel på Holme	34 - 35
Holme/Meland	«Holmeknappen kaikafe» middagsservering og kafesal	34 - 35
Holme/Meland	«Krambua» er open. Sal av kunst/husflid	34 - 35
Holmeknappen/Meland	Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kl. 11.00	34 - 35
Vestbygd/Meland	Vestbygdmarsjen påmelding/start kl. 12.00-13.00	34 - 35
Osterøy	Osterøy museum. Aktivitetsdag med demonstrasjoner, smaksprøver og oppskrifter	20 - 21

Liereid/Sveio	Tur langs den gamle postvegen til Liereid.....	12 - 13
Liereid/Sveio	«Strandhogg» med aktivitetar for heile familien frå kl. 13.00	12 - 13
Øygarden	Kystkulturdag «Stril og bymann»	22 - 23
Tjorehagen/Radøy	Haustdag i Tjorehagen	36 - 37
27. august		
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Kystkulturdag. Undervisning	6 - 7
28. august		
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amfi. Kystkulturdag. Undervisning	6 - 7
Fitjar	Barneteater i biblioteket	8 - 9
29. august		
Fitjar	Temakveld i biblioteket	8 - 9
30. august		
Fitjar	Temakveld i kyrkja	8 - 9
Leirvik/Stord	«Der hav og land møtest. Liv og» kl. 19.00	10 - 11
31. august		
Os	Oselvar – Opning av permanent utstilling, verkstaden kl 17.00	18 - 19
1. september		
Fedje	Torgdag. Fedjespelet	26 - 27
Lindås	Skulemuseet. Liv i dei gamle skulestovene kl. 10.00	30 - 31
Osøyro/Os	Bondens dag. Torgdag, gratis frukost kl 10.00-15.00	18 - 19
Os	Fiskekonkurranse frå robåt kl. 11.00-13.00	18 - 19
Os	Oselvarverkstaden. Ope hus kl. 12.00-17.00 utstilling	18 - 19
Os	Oselvarmønstring, så mange oselvarar som mogleg. Båtutlån kl. 12.00	18 - 19
Os	Roregatta. Kapproingsbåtar og standardbåtar. Kl. 14.00-17.00	18 - 19
Kyrkjeflaten/Os	Teater for born og voksne kl. 15.00	18 - 19
Os	Konsert og bryggjedans kl. 20.00 – 22.00 Fyrverkeri kl. 22.00	18 - 19
Sagvåg/Stord	Vervedag på Jensaneset kl. 10.00	10 - 11

2. september

Fitjar	Øvrebygda. Kulturveld, avslutningsarrangement	8 - 9
Sellevåg/Gulen	Sellevåg Treskofabrikk. Omvising med demonstrasjon av treskoproduksjon. Kl. 13.00-16.30	28 - 29
Furenes/Gulen	Rekebord i Brandangersund samfunnshus kl.14.00-17.00	28 - 29
Søre Neset/Os	Vandring på gamle kyrkjevegar, til sjøs og til lands kl. 9.00-12.00	18 - 19
Os	Gudsteneste i Os kyrkje kl. 12.00	18 - 19
Os	Seglregatta for osevarar. Standardbåtar og konkurransebåtar kl. 14.00-17.00	18 - 19
Sagvåg/Stord	Friluftsgudsteneste på verven kl. 11.00	10 - 11
Buavåg/Sveio	Familiedag. Sal av mat. kl. 12.00-18.00	12 - 13

3. september

Buavåg/Sveio	Arrangement for skulane kl. 9.30-12.00	12 - 13
--------------	--	---------

6. september

Mosterhamn/Bømlo	Senioruniversitetet	6 - 7
------------------	---------------------------	-------

8. september

Haakonsvern/Bergen	Håkonarspelet «Håkon Adalsteinsfostre» kl. 15.00.....	16 - 17 og 40
Nedrevåge/Tysnes	Saltebuo i Nedrevåge. Kulturveld med ung frekk musical	14 - 15
Radøy	«M/S Bruvik» går i rutetrafikk	36 - 37

9. september

Lurekalven/Lindås	Rotur til Lurekalven	30 - 31
Bogatun/Radøy	Radøy Sogelag skipar til Bogatunstemne	36 - 37

12. september

Vassenden/Bergen	Bedehuskveld i Vassenden kl. 19.00-21.00	16 - 17
------------------	--	---------

14. september

Mosterhamn/Bømlo	Båtkonvoi, båtane samlast	6 - 7
Mosterhamn/Bømlo	Røyksundkanalen Fjordhotell og Badeland. Familiefest	6 - 7

15. september

Mosterhamn/Bømlo	Båtkonvoi, konvoien starter kl. 10.00	6 - 7
Brandasund/Bømlo	Torghandel, tovekurs, koking av såpe kl. 10.00-17.00	6 - 7

Brandasund/Bømlo	Servering av tradisjonsrik kystmat fram til 21.00	6 - 7
Brandasund/Bømlo	Fabrikkloftet. Bømlo teateret underhold kl. 21.00, dans	6 - 7
Haugatun/Bergen	Stort ungdomsarrangement, Haugatun kultursenter kl. 12.00-24.00	16 - 17
Mjømna/Gulen	Krabbesfest. Servering av sjømat og dans i Mjømna Bygdehus kl. 20.30	28 - 29
Bergen	Nordhordland og Gulen i Grieghallen	40

16. september

Brandasund/Bømlo	Båtkonvoi gjennom kanalane på Bømlo kl. 10.00	6 - 7
Mosterhamn/Bømlo	Moster Amsf avslutningsarrangement Kystoggevækene 2001 i Sunnhordland	6 - 7
Laksevåg/Bergen	Markering av kulturminnedagen, Laksevåg lokalmuseum ..	16 - 17
Rødøy	Gudsteneste i gammal stil kl. 11.00	36 - 37
Museum/Samlingar:		
Damsgård Hovedgård	16 - 17
Laksevåg lokalmuseum	16 - 17
Alvøen Hovedbygning	16 - 17
Kulturminneområdet Gullaksdal	16 - 17
Storekalsøy museum	4 - 5
Moster kyrkjehistorisk senter	6 - 7
Gulen	
Fiskarbondemuseum	28 - 29
Lindås skolemuseum	30 - 31
Havråtunet	20 - 21
Osterøy museum	20 - 21
Sunnhordland Folkemuseum	10 - 11
Ryvarden kulturfyr	12 - 13
Årbakka	14 - 15
Kystmuseet i Øygarden	22 - 23
Hellesøy fyr	26 - 27
Havstad Tinn	26 - 27

Gulen	
Masfjorden	
Fedje	
Lindås	
Radøy	
Meland	
Austrheim	
Osterøy	
Bergen	
Øygarden	
Os	
Fitjar	
Austevoll	
Bømlo	
Stord	
Sveio	
Tysnes	

